
Saksnr: 2020/58947-61
Saksbehandlar: Vigdis Robak Bjørgo

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		08.09.2021

Årleg ruteendring 2021 - orientering

Forslag til vedtak

Hovudutval for samferdsel og mobilitet tar saka om den årlege prosessen for innspel til kollektiv- og mobilitetstilbodet mot alle kommunar i Vestland, samt tiltaka knytt til justeringar og forbetring av rutetilbodet i 2021, til orientering. Tiltaka vert finansiert innanfor budsjett og med bruk av belønningssmidlar.

Samandrag

Årets ruteendringsprosess er gjennomført i tråd med intensjonane i politisk sak hausten 2020 (FUV, PS-188/2020), om «Årleg ruteendringsprosess og rammer for bruk av belønningssmidlar». Saka følgjer også opp vedtak i fylkestinget (PS-34/2021), vedtakspunkt 4: *Fylkesrådmannen vil leggja fram sak om dei årlege prosessane om innspel til kollektiv- og mobilitetstilbodet mot alle kommunar i Vestland, i løpet av hausten 2021.*

Den årlege ruteendringsprosessen har gitt Skyss betre kjennskap til heile fylket, i tillegg til ein felles kanal for dialog med kommunane om konkrete innspel til forbetringar i rutetilbodet. Samstundes har prosessen vore til dels administrativt ressurskrevjande. Skyss tar med seg erfaringane inn mot planlegginga av komande ruteendringsprosess, og vil vere open for innspel frå kommunane om samhandlingsforma.

Med bakgrunn i innspel frå kommunane er det gjort ein del mindre justeringar for å betre rutetilbodet fleire stader i Vestland. Tiltaka er små, men dei bidreg til betre korrespondanse og fleire reisemoglegheiter for dei reisande. Endringane inneber mindre kostnader som kan takast innanfor budsjett. Det er i tillegg etablert nokre nye bussavgangar i tre av byvekstavtalekommunane, Alver, Askøy og Bjørnafjorden. Den årlege kostnaden er rekna til omlag 0,7 mill. kr, og vert finansiert med belønningssmidlar.

Parallelt med den årlege ruteendringsprosessen har det vore dialog om moglege justeringar i rutetilbodet på ferje i Hordaland, i lys av erfaringar med nye ferjeruter frå 01.01.2020. Med bakgrunn i dei gitte rammene er det ikkje gjort endringar i rutetilbodet på ferjesambanda i Hordaland i år. Arbeid med evaluering av elektrisk drift vil starte opp kommande år.

Håkon Rasmussen
avdelingsdirektør mobilitet og kollektiv

Målfrid Vik Sønstabø
direktør Skyss

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Avdelingsdirektør viser til sak i fylkesutvalet hausten 2020 (PS-188/2020) om «Årleg ruteendringsprosess og rammer bruk av belønningsmidlar», med følgjande vedtak:

1. *Fylkesutvalet ser det som positivt med ein føreseieleg og strukturert årleg ruteendringsprosess, med felles praksis for heile Vestland. Fylkesutvalet ber administrasjonen om å etablere ruteendringsprosessen slik det er skissert i saka.*
2. *Fylkesutvalet støttar overordna skisse lagt fram i saka, for bruk av belønningsmidlar i avtaleperioden. Dette vil sikre finansiering av viktige tiltak i avtaleområdet.*
3. *I samband med omlegging av stamlinjenettet i Bergen vert prioritert å nytte 40-45 mill kr i belønningsmidlar til tiltak for styrking og forbetring av kollektivtilbodet i Bergen. Tiltaka skal ivareta direktetilbod mellom Åsane og Haukeland Universitetssjukehus (HUS) og Sandviken og HUS, sikre kapasitet og frekvens Loddefjord-Bergen sentrum i rush, og betre tilbodet Nipedalen/Gravdal som ikkje vert betent av forlenga trolleylinje.*

I tråd med vedtaket har kommunane i Vestland vore invitert til, og gitt innspel om sine prioriteringar for utvikling av kollektivtilbodet - til dømes endringar i transportbehov, viktige korrespondansar, ønskje om styrking og/eller prioriterte ruter, dagar, tider for eventuelle omprioriteringar, eller ønskje om meir fleksible tilbod.

For byvekstavtalekommunane har det vore eigne møter, med drøfting av bruk av belønningsmidlar til styrking av kollektivtilbodet. Jamfør saka nemnt over, der den overordna planen for bruk av belønningsmidlar vert skissert. I hovudsak er midlane knytt opp mot større endringar knytt til gjeldande og komande trafikkplanar i byvekstavtaleområdet, men i tillegg skal det vere rom for mindre tiltak i samband med den årleg ruteendringsprosessen.

Parallelt med den årlege ruteendringsprosessen har det og vore dialog om moglege justeringar i rutetilbodet på ferje, i lys av erfaringar med nye ferjeruter i Hordaland frå 01.01.2020, og innan for dagens rammer. I tråd med vedtak i fylkesutvalet (PS 193/2019), skal det *gjennomførast «... eit samarbeidsprosjekt med operatørane for å sjå på korleis ein kan optimere bruken av det eksisterande batteri- og ladeutstyret.»* Grunna forseinka oppstart med elektrifisering av fleire samband, er samarbeidsprosjektet ikkje starta opp enda.

I denne saka vert det gitt ei orientering om den årlege ruteendringsprosessen og dialogen med kommunane om rutetilbodet, samt kva tiltak som er satt i drift. Saka følgjer også opp vedtak i fylkestinget (PS-34/2021) om «Avtale kollektivtrafikk samarbeid med Bergen kommune», vedtakspunkt 4: *Fylkesrådmannen vil leggja fram sak om dei årlege prosessane om innspel til kollektiv- og mobilitetstilbodet mot alle kommunar i Vestland, i løpet av hausten 2021.*

Årleg ruteendringsprosess 2021

Alle kommunane - utanom byvekstavtalekommunane

Hausten 2020 vart kommunane i Vestland invitert til å gje innspel til ruteendringar for 2021. Føremålet med årlege ruteendringar er å fange opp lokale behov for justeringar som bidrar til best mogleg samanheng i kollektivtilbodet, og at det er tilpassa reisebehovet i dei ulike områda i fylket.

Kommunane har stått fritt til å foreslå ønskjer og behov, men med merksemd om at det likevel vil vere bindingar som avgrensar moglegheitsrommet for endringar. For utan dei til ein kvar tid gitte økonomiske rammene, gjeld særleg at store delar av tilbodet er bunde opp i skuleskyss, samt etablerte korrespondansar mellom ulike ruter og transportmiddel.

Det er gitt skriftlege tilbakemeldingar frå 27 kommunar med til saman 131 tiltak som alle er vurderte. I tillegg er det etter ønskje også gjennomført eigne møter med enkelte kommunar. Mange av tiltaka som er spelt inn gjeld ønskje om fleire avgangar eller nye tilbod. Betre korrespondansar er og eit viktig tema, men der det i mange tilfelle krev fleire avgangar og auka ruteproduksjon for å kunne realisere.

Bestillingsbaserte tilbod, som til dømes «Hent meg» er og etterspurd frå nokre kommunar. Vurderinga pr. i dag er at det ikkje er tilstrekkeleg kapasitet i organisasjonen no til å setje i gong

nye pilotar for bestillingstransport. For at bestillingstransport i større grad kan verte del av det ordinære tilbodet, må det arbeidast vidare med utvikling av konsept for bestillingsbaserte tilbod, og avklare omfang og finansiering av denne type tilbod. Avdelingsdirektør viser her til Strategi for berekraftig mobilitet og høyringsutkastet til RTP-Vestland med tiltak i handlingsplanen om «Innføring av fleksible bestillingsbaserte tilbod». Før iverksetting av nye bestillingstransporttilbod vil Skyss sørge for tett dialog med kommunane og dei reisande.

Ein del kommunar har og gitt innspel knytt til betalingsløyser, takst og sone, samt til endringar knytt til skuleskyss. Denne type innspel, som ikkje omhandlar rutetilbodet, vert tatt inn i eigne tilhøyrande og pågåande prosessar.

Følgjande gir ein oversikt over ruteendringane i 2021, basert på innspela frå kommunane. Tiltaka inneber mindre kostnader som vert tatt innanfor gjeldande budsjett:

Kommune	Innspel	Tiltak
Askvoll	Bussruta på søndag ettermiddag til Førde kan flyttast til seinare avgang for å få mindre venting i Førde.	Avgang Askvoll kl.17.45 til Førde kl.19.05 vert endra til ny avgang Askvoll kl.18.45 - Førde kl.20.05.
	Utfordringar med korrespondanse for sør og nordgåande ekspressbåt imot ferje og buss i Askvoll. Slik at ein sikrar at ein kan komme seg vidare utan urimeleg ventetid.	Korrespondanseutfordringane mellom båt og ferje vert løyst ved å justere ferjeruta.
Aurland	Ny avgang frå Aurland kl. 14:55-Vassbygdi-Østerbø kl. 15:40	Ny avgang frå Østerbø kl. 15:45-Vassbygdi-Flåm kl. 16:50 vert satt inn. Tiltaket gjeld omprioriteringar for å tilpasse tilbodet til endra turistreiser.
	Ny avgang frå Østerbø kl. 15:45-Vassbygdi-Flåm kl. 16:50	Ny avgang frå Østerbø kl. 15:45-Vassbygdi-Flåm kl. 16:50. Tiltaket gjeld omprioriteringar for å tilpasse tilbodet til endra turistreiser.
Gloppen	Endre bussrute frå Hyen til Sandane kl 14.00 på kvardagar til kl 15.00	Avgang kl 14.00 Hyen-Sandane på kvardagar vert endra til ny avgang kl 15.00.
Gulen	Det må vera dialog mellom ferjene og bussar på land. Dette gjeld spesielt Rutledal 19.15 der bussen passerer minuttar før ferja kjem og fleire avgangar/ankomstar i Leirvåg der bussane ofte køyrer minuttar før ferja legg inntil.	Endrar avgangstid frå Oppedal til kl.18.52 DX67. Dette vil gje samband frå Førde/Sogn. Bussen vil komme til Rutledal 15. minutt seinare og reisande frå ferja vil då få busstilbod retning Dalsøyra. D7 vert bussen tilpassa ferja i Rutledal.
	Ekspressbussrute frå Førde må korrespondere med lokalbussrute kl 18.35 frå Oppedal - Dalsøyra/Sløvåg. I dag går lokalbussen 20 min. før expressbussen kjem.	Endrar avgangstid frå Oppedal til kl.18.52 DX67, dette vil gje samband frå Førde og Sogn.
	Skulerute kl 14.00 frå Dalsøyra skule - Hovden/Halsvik bør forlengast til Sløvåg dersom passasjerar.	Løysinga er gjennomført i dag, men berre i oddetalsveker. Vert endra til å gjelde alle veker for å få eit meir føreseieleg tilbod.
	Dårleg samhandling mellom ferje og buss. Det går bussar forbi Leirvåg ferjekai mellom Austrheim/Mastrevik og Knarvik, men bussane køyrer ikkje nedom ferjekaia. Ynskjer at bussen køyrer nedom når det passar med ferja.	Endrar tilbodet slik at bussen køyrer nedom ferjekaia når det passar med ferja.

Kvam	Strandebarm skule ynskjer at bussane både innover og utover går kl. 14.00.	Tidene vert flytta i tråd med innspel.
Luster	For Sognefjellsekspressen er det vesentleg med god korrespondanse vidare frå Lom mot Otta/Lillehammer.	Endrar avgangane på Sognefjellsekspressen, Sogndal-Lom om morgonen og retur ettermiddag, slik at ruta gir korrespondanse i Lom.
Vaksdal	Ønsker at skolebussen fra Stamnes går kl 7:45 i staden for kl 7:55.	Endrar avgang frå Stamnes frå 07:45 til 07:50
Årdal	Utvida ringbuss-tilbodet i Øvre Årdal.	Endring av ringbuss-tilbodet vert gjennomført i tråd med innspel.

Årets ruteendringsprosess har vore svært nyttig for Skyss med omsyn til å bli betre kjent og få innsikt i tilbodet i heile fylket, i tillegg til å ha ein kanal for dialog med kommunane om konkrete innspel til forbetringar i rutetilbodet. Samstundes har prosessen vore administrativt ressurskrevjande. Skyss tar med seg erfaringane frå i år inn mot planlegginga av komande ruteendringsprosess, og er open for innspel frå kommunane om korleis legge opp dialogen på ein god måte for alle partar.

Byvekstavtalekommunane

Det er gjennomført eit felles møte med alle dei fem byvekstavtalekommunane, samt eigne møter med kommunane som har ønskje det (Øygarden, Bjørnafjorden, Askøy og Alver), der bruken av belønningsmidlar er drøfta. Drøftingane har omhandla både større tiltak knytt til trafikkplanar, og mindre tiltak som kan gjennomførast i samband med årets ruteendring.

I vurderingane av prioriterte tiltak frå hausten 2021 er det tatt omsyn til gjeldande trafikkplanar, samt til planlagde planar og tiltak:

- Bergen: I 2021 er det nytta belønningsmidlar i samband med omlegging av linjenettet, i tråd med vedtatt Trafikkplan Bergen, 2018 (FUV Hordaland, PS-80/2018) og nemnde vedtak hausten 2020 om «Årleg ruteendringsprosess og rammer for bruk av belønningsmidlar».
- Bjørnafjorden: Det siste året har kommunen vore involvert og gitt uttale til nyleg vedtatt Trafikkplan Bergen sør og Bjørnafjorden (FUV, PS-107/2021). Årets ruteendringar er såleis sett i samanheng med endringane som er anbefalt i planen for dei komande åra - mellom anna nytt tilbod og regionstamlinje langs ny E39 og forbetringar for meir samanhengande transporttilbod i Bjørnafjorden.
- Alver: Trafikkplan Nordhordland, 2017, peikar på prioriterte tiltak til forbetringar for Alver kommune, og innspela som er drøfta stør i stor grad opp om anbefalingane i planen.
- Askøy og Øygarden: Trafikkplan/mobilitetsplan for området Øygarden og Askøy samt tilstøytande område i Bergen er planlagt å starte opp hausten 2021. Planarbeidet vil gje brei innsikt i mobilitetsbehova i Øygarden og Askøy, som grunnlag for prioriterte tiltak. For Askøy vil behovet for tiltak også bli sett i samanheng med komande nytt anbod for båtsambandet med moglege endringar i rutetilbodet.

For hausten 2021 er tiltak som kan gjerast innanfor det eksisterande rutetilbodet og linjenettet prioritert. Tiltak i område som i dag ikkje har eit rutegåande tilbod, eller tiltak som inneber større omleggingar av eksisterande linjenett er altså ikkje prioritert i år.

Det er og eit felles uttrykt ønskje frå kommunane om å teste ut bestillingsbasert transport som mogleg løysing i område med lågt transportgrunnlag for rutegåande tilbod. Denne type tiltak vil som nemnt over bli sett i samanheng med oppfølging av Strategi for berekraftig mobilitet og komande handlingsplan for RTP.

Med bakgrunn i innspela frå kommunane, og omsyna som er gjort greie for over, er følgjande tiltak prioritert frå hausten. Årskostnaden for drift av tiltaka er på omlag 0,7 mill. kr, og vert dekkja av belønningsmidlar.

Kommune	Tiltak
Alver	Nokre nye avgangar kveld for området Frekhaug på linje 340 til og frå Flatøy - alle med korrespondanse til/frå Bergen på linje 300.
Askøy	Nokre nye avgangar ettermiddag og kveld for området Stongafjellet på linje 493 til og frå Kleppestø. Turane på ettermiddag gir kopling mot båten til/frå Bergen.
Bjørnafjorden	Nokre nye avgangar mellom Eikelandsosen, Venjaneset og Osøyro på linje 740 dagtid og kveld.

I tillegg til drøfting kring aktuelle problemstillingar knytt til framtidig reisebehov og mobilitetstilbod i dei ulike kommunane, er det etablert kontaktpunkt med alle kommunane i byvekstavtaleområdet. Dette gir godt grunnlag for vidare samhandling og dialog, både med den einskilde kommune og inn mot Miljøløftet.

Ferjetilbodet Hordaland

Bakgrunn for å ha ein eigen ruteendringsprosess om ferjetilbodet i Hordaland er endringane som vart gjennomført 01.01.2020 i samband med elektrifisering av ferjesambanda. Nær alle kommunane som dette gjeld for har gitt tilbakemeldingar om rutetilbodet, både skriftleg og i egne møter etter ønske frå kommunane. Dialogen og møte med kommunane har gitt god innsikt i behov og prioriteringar som er viktige for kommunane.

Også når det gjeld ferjetilbodet er utgangspunktet justeringar som bidrar til best mogleg samanheng i linjenettet, til dømes korrespondansar eller endringar i rutetider som gir eit betre tilbod for fleire, og som kan gjerast innanfor gjeldande økonomiske ramar.

Det er mange ønske om auka rutetilbod. Dette er tiltak som ligg utanfor ramma som er gitt i denne omgangen, men som vil vere relevante å vurdere på nytt knytt til den varsla evalueringa av elektrifisering av ferjedrifta i Hordaland. Skyss planlegg å starte dette arbeidet i siste del av 2021/starten av 2022. Dette arbeidet følgjer opp vedtak i fylkesutvalet i Hordaland (PS 193/2019), om at det skal *gjennomførast «... eit samarbeidsprosjekt med operatørane for å sjå på korleis ein kan optimere bruken av det eksisterande batteri- og ladeutstyret.»*

Gitt dagens ramar er det ikkje funne rom for å gjere endringar i rutetilbodet på ferjesambanda i Hordaland i år.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for samferdsel og mobilitet har vedtaksmynde, jf. Reglementet for folkevalde organ: Hovudutvalet har ansvar for årleg rapport om gjennomføring planar innan eige ansvarsområde. Samt økonomireglementet pkt 3.2: Hovudutvala har mynde til innanfor sitt budsjett- og ansvarsområde å gjere endringar i og mellom løyvingnivåa i driftsbudsjettet slik det går fram av budsjettreglement og dei årlege budsjettvedtak.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

- Endringane i rutetilbodet vert gjort innanfor gjeldande budsjett og i tråd med politisk vedtak om bruk av belønningssmidlar gjennom byvekstavtalen.

Klima:

- Forbetringar i rutetilbodet bidrar til at fleire kan reise kollektivt.

Folkehelse:

- Tiltaka vil gi auka moglegheitene for mobilitet for fleire, og som kan ha positiv innverknad på livskvalitet, redusere sosial ulikskap og inkludering.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

- Tiltaka stør opp om mål og strategiar i utviklingsplanen for Vestland om å tilby trygg og miljøvenleg mobilitet for alle.
- Tiltaka er forankra i gjeldande Kollektivstrategi for Hordaland og regionale transportplanar for Vestland.
- Systematisk årleg ruteendringsprosess bidrar til å fremje regional medverknad og samhandling.

Konklusjon

Årets ruteendringsprosess er gjennomført i tråd med intensjonane i politisk sak hausten 2020 (FUV, PS-188/2020). Denne saka gir ei orientering om prosess og gjennomførte tiltak, og følgjer også opp vedtak i fylkestinget (PS-34/2021) om «Avtale kollektivtrafikk samarbeid med Bergen kommune», vedtakspunkt 4: *Fylkesrådmannen vil leggja fram sak om dei årlege prosessane om innspel til kollektiv- og mobilitetstilbodet mot alle kommunar i Vestland, i løpet av hausten 2021.* Skyss tar med seg erfaringane frå arbeidet inn i planlegginga av komande ruteendringsprosess.

Med bakgrunn i innspel frå kommunane er det gjort ein del mindre justeringar for å betre rutetilbodet fleire stader i Vestland. Tiltaka er små, men dei bidreg til betre korrespondanse og fleire reisemoglegheiter for dei reisande. Endringane inneber mindre kostnader som kan takast innanfor budsjett.

Det er i tillegg etablert nokre nye bussavgangar i tre av byvekstavtalekommunane, Alver, Askøy og Bjørnafjorden. Den årlege kostnaden er rekna til omlag 0,7 mill. kr, og vert finansiert med belønningssmidlar.

Parallelt med den årlege ruteendringsprosessen har det vore dialog om moglege justeringar i rutetilbodet på ferje i Hordaland, i lys av erfaringar med nye ferjeruter frå 01.01.2020. Med bakgrunn i dei gitte rammene er det ikkje gjort endringar i rutetilbodet på ferjesambanda i Hordaland i år. Skyss startar arbeidet med å evaluere elektrifisering av ferjedrifta i Hordaland i siste del av 2021/starten av 2022, og fleire av dei innmeldte behova vil vere naturleg å vurdere på nytt i denne prosessen.